

**Saksframlegg**

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
45/2016	Formannskap	07.06.2016

**Tiltaksplan for Lom nasjonalparklandsby 2016**

Vedlegg:

- 1 Utkast til tiltaksplan for Lom nasjonalparklandsby 2016
- 2 Tilsagnsbrev - Lom og Jotunheimen som pilot
- 3 Tilsagnsbrev for Norges nasjonalparkkommuner og landsbyer

**Innstilling frå administrasjonssjefen:**

Formannskapet vedtek tiltaksplanen for Lom nasjonalparklandsby 2016. Landsbyrådet har fullmakt til å foreta små endringar utan at dette må opp til ny handsaming i formannskapet.

**Saksprotokoll i Formannskap - 07.06.2016**

**Behandling**

**Vedtak**

Som innstillinga. Samrøystes.

**Saksutgreiing**

Dei fem nasjonalparklandsbyane i Noreg har gjennom fleire år fått tilskot gjennom det nasjonale programmet «Naturarven som verdiskaper». Dette er eit program som sidan starten i 2008 har jobba med å utvikle eit konsept for lokalsamfunns- og næringsutvikling med utgangspunkt i nasjonalparkane. «Naturen som verdiskaper» vart avslutta 31.12.2013, og dermed var det i utgangspunktet slutt på å få tilskot frå nasjonale myndigheiter.

Sidan den tid har Norges nasjonalparklandsbyar og Norges nasjonalparkkommunar slått seg saman til ein organisasjon, og i 2016 vart det søkt om eit tilskot til lokale tiltak i nasjonalparklandsbyane. I tillegg har det etter anmodning frå Miljødirektoratet vorte søkt om midlar til at Lom og Jotunheimen skal vere pilot for «kundereisen» i den nye merkevarestrategien for Norges nasjonalparker. Det er særleg tre aktørar som er sentrale i den nye merkevarestrategien, og det er nasjonalparkane, besøksentra og nasjonalparklandsbyane.

Totalt har dette vorte løyvd av midlar til Lom nasjonalparklandsby i 2015/2016:

Lokale tiltak 2016	kr. 170 000
Pilot kundereise 2016	kr. 182 000
Overførte tiltaksmidlar frå 2015, øyremerka fotografering og video:	kr. 70 000
<b>Totalt</b>	<b>kr. 422 000</b>

I vedlagt tilsagnsbrev går det fram at organisasjonen Norges nasjonalparkkommuner og landsbyer har fått eit tilskot på kr. 1 000 000.

Av dette har styret vedtatt at kr. 170 000 skal løyvast til kvar landsby.

Sjå elles vedlagt tiltaksplan for eit meir detaljert informasjon.

Lom kommune har tilsett landsbykoordinator i 40 % stilling, finansiert over næringsfondet. Stillinga på 40% er kommunens eigenandel inn i prosjektet, i tillegg til eigeninnsatsen via Landsbyrådet, ordførar m.m. Koordinatoren fungerer som sekretariat for Landsbyrådet.

Landsbyrådet hadde møte 18. april 2016 og gjekk gjennom aktuelle tiltak.

Vedlagt tiltaksplan er laga på bakgrunn av dette.

Det blir lagt opp til at små endringar kan gjennomførast i etterkant av eit vedtak i formannskapet dersom det er behov for det. Det er viktig at Landsbyrådet har ein viss grad av fleksibilitet.

Større endringar bør minimum refererast i formannskapet som styringsgruppe.

Desse tiltaka er foreslått:

<b>Budsjett:</b>		
<b>Tiltaksmidlar 2016:</b>	<b>VSP-2016</b>	<b>Eigeninnsats</b>
Utvikling av ny kartløyising	kr 25 000	
Digitalisering av turrutar	kr 15 000	
Opprusting av Labyrinthet	kr 5 000	
Kompetanseheving digital marknadsføring	kr 15 000	
Arrangement jul	kr 10 000	
Opprusting av kulturstig	kr 65 000	
Vidareutvikling av turstignettet	kr 0	kr 80 000
Utsifting av små temaskilt, Bergomsrunda	kr 30 000	
Diverse	kr 5 000	
<b>Totalt</b>	<b>kr 170 000</b>	kr 80 000
<b>Implementering av ny merkevare (pilot)</b>	<b>Pilot-midlar</b>	<b>Eigeninnsats</b>
Vegskilt	kr 30 000	
Informasjonspunkt medium	kr 120 000	
Vegghengskilt	kr 10 000	
Fotturar i Lom	kr 20 000	

Klistremerker	kr 2 000	
<b>Totalt</b>	<b>kr 182 000</b>	kr 189 300
<b>Tiltaksmidlar frå 2015</b>	<b>VSP-2015</b>	<b>Eigeninnsats</b>
Video frå nasjonalparklandsbyen	kr 50 000	
Fotografering	kr 20 000	
<b>Totalt</b>	<b>kr 70 000</b>	kr 189 300
Totalt 2015/2016	kr 422 000	kr 458 600

<b>Finansieringsplan:</b>	<b>VSP-tilskot</b>	<b>Eigeninnsats</b>
Lønn koordinator 40% (eigeninnsats) - 2015		189300
Lønn koordinator 40% (eigeninnsats) - 2016		189300
Avsett egne midlar til landsbyvakt / fotturar (2015/2016)*		160 000
Tilskot VSP-midlar 2016	170 000	
Tilskot merkevarepilot 2016	182 000	
Tilskot VSP-midlar 2016 / 2015	70 000	
<b>Totalt finansiering</b>	<b>422000</b>	<b>538600</b>

\* Tilskot på kr. 290 000 til turskiltprosjektet kjem i tillegg

## Vurdering

Det er positivt at Miljødirektoratet framleis ser verdien av å satse på Lom og Jotunheimen til tross for at prosjektperioden offisielt er over.

Det har vorte gjort mykje bra opp gjennom åra, men merkevarebygging er ein langsiktig prosess som tek tid. Vidareutvikling er derfor heilt naudsynt, og utbygging av Norsk Fjellsenter er med på å styrke Lom sin posisjon som nasjonalparklandsby og knutepunkt.

Lom har hatt den fordelene at næringssjef og koordinator er kombinert i ei fast stilling, i motsetning til nokon av dei andre nasjonalparklandsbyane, der det har vore midlertidige prosjektstillingar knytt til prosjektet. Det gjer at ein har hatt moglegheit til å jobbe med tiltak i eit langsiktig perspektiv og kombinert det med anna næringsutvikling.

## Pilot, kundereise:

I 2013 var det ei omfattande revidering av design og tekst, av fotturkart og skilt, og det vart sett opp fem nye skilt og bytta ut tre store informasjonsskilt knytt til Bergomsrunda / turstignettet. Dei fleste av desse oppgraderingane er framleis i god stand, og det er slik sett litt uheldig at vi nok ein gong må skifte ut desse for å kome i tråd med den nye merkevarestrategien. På den andre sida vil dette gi oss anledning til å få lagt inn den nye brua ved Lom Camping, i tillegg til at infoskilta vil bli estetisk finare sidan dei vil bli monterte med glas.

Det er elles viktig med eit godt samarbeid med Jotunheimen nasjonalparkstyret og Norsk Fjellsenter, slik at det blir ein raud tråd gjennom den såkalla kundereisa.

Det er ein langsiktig jobb å få oppdatert all materiell i tråd med ei ny merkevare men som pilot vil vi få eit godt utgangspunkt og ha moglegheit til å påverke ulike løysningsalternativ.

Den nye visuelle profilen kan sjåast her:

<http://designmanual.norgesnasjonalparker.no/#konseptet>

### **Lokale tiltak:**

Kort fortalt om dei lokale tiltaka:

- Digitalisering av fotturar har vore planlagt lenge, og alle spor skal no vere gått med GPS i både Bøverdalen, Garmo og Fossbergom.  
På grunn av kapasitet hos kartansvarleg i kommunen har ein likevel innsett at ein er nødt til å leige inn nokon som har kompetanse til å kvalitetssikre alle data og distribuere det i ulike kanalar. Her inngår også samarbeidet med Visit Jotunheimen om å få på plass ein god kanal for å dele kvalitetssikra info om turstigar m.m.  
Skjåk har til dømes oppretta si eiga nettside [www.iskjaak.no](http://www.iskjaak.no)
- Den gamle kulturstigen som startar ved Fossheim Steinsenter har forfalle over fleire år og treng ei vesentleg oppgradering
- Som alternativ til vertskapskurs har ein sett av midlar til eit kurs i digital marknadsføring for å heve kompetansen knytt til dette hos næringslivet i Lom
- Vidare er det ynskjeleg å satse vidare på ordninga med landsbyvakta og vidareutvikling av turstignettet i Lom. Her har ein også fått midlar gjennom turskiltprosjektet, og jobbar no med å få inn dei siste grunneigaravtalane før ein kan starte sjølve utskiftinga.  
Her er det gjort ein stor jobb over mange år, i stor grad på dugnadsbasis med landsbyvakt Egil Olav Nyrnes som primus motor.
- Det er usikkert om nasjonalparklandsbyen blir involvert i julemarknaden i Presthaugen i år, men det blir uansett sett av midlar til å bistå med planlegging og gjennomføring av jula på Fossbergom i samarbeid med aktuelle aktørar
- Til slutt har ein sett behov for å friske opp att Labyrinthet på Kyrkjevollen med eit eige skilt og beising av tak.

Styret i Norges nasjonalparkkommunar og nasjonalparklandsbyar har i tillegg vedtatt at kvar landsby skal få kr. 20 000 til fotografering og kr. 50 000 til video som kan brukast til ny nasjonal heimeside for nasjonalparkane når den kjem på plass.

Desse midlane er derfor allereie øyremarka.

Det er inngått avtale med Lyd i Lom og Nestvold Aktiv i forhold til videoopptak frå Lom.

Fotograf er ikkje endeleg avklart enda, men det er ynskjeleg å bruke lokale ressursar.

Alt skal vere i tråd med bildemanualen i den nye merkevarestrategien.